

## REFERAT FORELDREMØTE 1.-4. KLASSE - VÅR 2023

Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4
Elias Ingrid Aksel Fiona	Ksawery Ferdinand Damian	Hedda Patrick Eirik Liva	Tallak Vilde Fenno Frida



Ei venleg påminning om å invitera venegruppa på besøk, for dei som ikkje har fått gjort det enno. Det er veldig stas for elevane når dei skal følgja andre heim, og me håper at de foreldre også set pris på å møta forskjellige barn frå skulen.

Hautsamlingsa var i Øysteinshedlaren, og det var ei kjekk samling.

Sommaravslutning: Forslag om å samlast i gapahuken til Anders for grilling og leik. Har nokon andre gode idear, så ta kontakt med klassekontaktane. Klassekontaktane og kontaktlærarane snakkes når det nærmar seg. Ikkje ha avslutninga siste vekene, for då er det ofte travelt med mange andre avslutningar også.

### Nye klassekontaktar

Skuleåret 2022/2023:

Klassekontakt 1.-2.kl.: Linda, vara Ingvild

Klassekontakt 3.-4.kl.: Kim Erika, vara Hilde Marie

Skuleåret 2023/2024:

Klassekontakt 1.-2.kl.: Ingvild      vara (blir vald i 1.kl.)

Klassekontakt 3.-4.kl.: Hilde Marie      vara: Almut



- Matpause/spising
- Lekser
- Attgløymde ting - sjekk boks/ rydda i garderoben
- Ikkje bruka mobil på skulen/skulevegen jf. ordensreglar
- Overnattingstur blir antageleg 1.-2. juni



Eventuelt:

Saker som gjeld det enkelte trinn:

- samarbeid, arbeidsro, beskjedar

Matpause/spising: Elevane får 10-15 min. ekstra tid til spising. Det er ei roleg stund der dei blir lest for e.l. Har nokon gløymd mat eller er sultne etter dei har spist opp alt, har skulen knekkebrød som dei kan få. Dei får ikkje knekkebrød om det er fordi dei ikkje vil ha eigen matpakke. Elevane får ikkje lov å bytta mat med kvarandre. Nokre elevar klagar over at dei ikkje liker det som er i matpakka - det kan de jo snakka med barnet om heime.

Lekser: Arbeidstimen på måndagar fungerer godt. Om nokon opplever leksene som for mykje/for vanskelege over tid, tek dei kontakt med klassestyrar.

Eventuelt:

Foreldre som kjører til skulen for å levera/henta barn har liten plass å snu bilen (ved enden av fotballbanen). Ønskjer at fotballbanen blir frest. Innspel om at det ikkje fungerer så godt slik det er no.

Fint om foreldre får informasjon om vikarar både på skulen og SFO. For nokre barn kjennest det utrygt når dei ikkje er førebudde på vikar.

Kjekt med mange varierte oppgåver i K&H-timane.

Nokre foreldre kunne tenkt seg å få ei liste over bøker deira barn har låndt på biblioteket.

Innspela under eventuelt er formidla vidare til rektor.

Takk for godt oppmøte!

Helsing Anne Grethe og Anne